

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 037, TI - &85	14/113

Saknr	Utval	Type	Dato
15/2014	Formannskapet	PS	23.01.2014
09/2014	Kommunestyret	PS	06.02.2014

### Nordhordland Utviklingsselskap IKS endring av selskapsavtale

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner endringane i § 5 Styret:5-1 Styret består av tre medlemmer og to varamedlemmer.5-2 Styret vert vald av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.5-4 Kvart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av Medlemene er til stades.5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningslinjer og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

##### Bakgrunn for prosjektet

Viser til gjeldande selskapsavtale for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) – og til:

#### §5 STYRET

5-1 Styret er sett saman av 3 medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret sine medlemmer vert valde for 2 år mellom eigarkommunane sine administrasjonssjefar/rådmenn/assisterande rådmenn.

Styret i NUI er altså samansett av 3 medlemmer med personlege varamedlem, og skal veljast blant eigarkommunane sine administrasjonssjefar/rådmenn/assisterande rådmenn. Forvaltningslova § 6 fekk ein ny bestemmelse som tredde i kraft 1. november 2011 om at ingen kommunalt tilsette eller folkevalte skal handtere saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølve er styremedlem, også der selskapet er fullt ut eid av kommunen. Den nye regelen om «automatisk» inhabilitet er ein innskjerping av habilitetsreglane. Dette gjeld både for folkevalte og kommunalt tilsette, herunder rådmenn.

Eit notat KS-advokatane har fått utarbeid (JSE 08.06.2011) «Nye reglar om inhabilitet i forvaltningslova og konsekvensar med dette» samt KS-skrivet «Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak» belyser dette.

Notatet seier noko om verknad for personar som sit i styre i IKS-selskap, men er ikkje eintydig lett å forstå. Det kan t.d. vera skilnad mellom oppgåver der styret deltek i saksførebuingar / -utgreiingar, og der styret berre har som oppgåve å forvalta selskapet og sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet og andre retningslinjer og vedtak som er gjort av representantskapet.

Styret i NUI handsama problemstillinga i styremøte 1/2013 torsdag 4. april 2013 og vedtok at dagleg leiar NUI skulle be om ei konkret vurdering frå KS Bedrift. KS Bedrift har gjort ei vurdering og drøftar bl.a. om når selskapet er part i saka eller ikkje, og at det må føreligga reell tilknytning for å bli rekna som part i saka. Deira tilråding er uansett at ein søkjer å unngå å koma i ein konflikt- / interessesituasjonen der det kan bli stilt spørsmål om habiliteten, og at eit styre vert valt ut i frå den kompetanse styremedlem har, framfor kva eigar dei representerer.

Representantskapet i NUI handsama spørsmålet i møte 1/2013 fredag 14. juni, og bad om at valnemnda skulle føreslå nytt styre for NUI i samband med Representantskapsmøte 2/2013, 9. desember, dersom ein fann at styret burde bytast ut grunna habilitetsproblem ved å la rådmenn sitja i styret.

Styret i NUI drøfta med bakgrunn i dette saka på nytt i styremøte 2/2013 måndag 7. oktober og vedtok samrøystes dette:

*«Styret meiner det kan vera problematisk for rådmenn (og ordførarar) å sitja i styret grunna nye reglar i forvaltningslova om inhabilitet. Styret viser til KS-notat om endra reglar om inhabilitet i forvaltningslova og konsekvensar med dette samt KS-skriv «Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt / fylkeskommunalt eide selskaper og foretak». Styret har gjort ei eigenvurdering av habilitetsspørsmålet, og har gjort den vurderinga at ein sikkert kan navigera gjennom dette på eit vis, men styret ynskjer ikkje at det skal såast tvil om styret sin habilitet i enkelt saker i framtida. Dette vil kunne unngåast ved at rådmenn (og ordførarar) bevisst ikkje går direkte inn i denne typen selskapsstyre. Styret ber derfor om at valnemnda i arbeidet med å finna styre for neste periode (2014-15) vurderer habilitetsspørsmålet, og om det ikkje bør veljast andre medlem enn rådmenn (og evt. ordførarar).»*

I Representantskapsmøte 2/2013 måndag 9. desember 2013 skulle ein velja nytt styre for NUI. Det kom fram i møtet at endringar i selskapsavtalen må godkjennast av alle medlemskommunane (§12-1) grunna at ein no går bort i frå å velja blant rådmenn (§5). Representantskapet utsette derfor saka og vil handsama den i ekstraordinært Representantskap så fort som mogeleg. Representantskapet vedtok samrøystes: «Selskapsavtalen må endrast. Representantskapet ber om at styret lagar utkast til endring i selskapsavtalen og legg dette fram for godkjenning i eigarkommunane.»

### **Styret i selskapet har i ekstraordinært styremøte tysdag 21. januar handsama endringa og føreslår at §5 STYRET vert endra frå:**

5-1 Styret er sett saman av 3 medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret sine medlemmer vert valde for 2 år mellom eigarkommunane sine administrasjonssjefar/rådmenn/assisterande rådmenn.

5-2 Styret konstituerer seg sjølv.

5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.

5-4 Kwart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av medlemmene er tilstades.

5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningslinjer og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.

**til:**

## **§5 STYRET**

5-1 Styret består av tre medlem og to varamedlem.

5-2 Styret vert valde av Representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.

5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.

5-4 Kwart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av medlemene er til stades.

5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjetten, andre retningsliner og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.

Styret ber om saka vert sendt til eigarkommunane for handsaming og godkjenning av endring av selskapsavtalen §5 STYRET.

Vedlegg:

- Selskapsavtale NUI – gammal
- KS-notat JSE 8.6.11 «Nye regler om inhabilitet i forvaltningsloven – konsekvenser»
- Vurdering av KS Bedrift, advokat Tone Berset 28.04.2013

## **Vurdering**

### **Konklusjon**

**Masfjorden kommune godkjenner at framlegg til endringar i selskapsavtalen § 5 Styret NUI frå noverande styre i NUI, vert endra til:**

**5-1 Styret består av tre medlemmer og to varamedlemmer.**

**5-2 Styret vert vald av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.**

**5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.**

**5-4 Kwart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av**

**Medlemene er til stades.**

**5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjetten, andre retningsliner og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.**

## **Formannskapet - 15/2014**

### **FS - behandling:**

Saka vart trekt.

### **FS - vedtak:**

## **Kommunestyret - 09/2014**

### **KS - behandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret godkjenner endringane i § 5 Styret:**

**5-1 Styret består av tre medlemmer og to varamedlemmer.**

**5-2 Styret vert vald av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.**

**5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.**

**5-4 Kwart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av medlemene er til stades.**

**5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningslinjer og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.**